

Fjell kyrkjeblad

Informasjon for Fjell, Foldnes og Landro sokn
Nummer 4 – 2020



Ny kyrkjeverje

Frå 1. september er Annlag Børve ny kyrkjeverje i Øygarden

SIDE 4



➤ Foto frå T7 Pilegrimsvandring SIDE 14



➤ Diakonitur til Institutt for sjelesorg SIDE 6

Fjell kyrkjeblad

Kyrkjeblad for Fjell, Foldnes og Landro sokn. Det kjem ut 6 gongar i året og kostar kr 200,- pr. år. For utanbygds: kr 250,-.

Utgjevar: Øygarden kyrkjelege fellesråd


Ansvarleg redaktør: Olav Martin Vik

Grafisk utforming: Yngvild Mørner Sørheim

Framsidedeilete: Annlaug Børve er ny kyrkjeverje i Øygarden

Foto: Yngvild Mørner Sørheim

Trykk: Bodoni AS

 Miljømerket trykksak 2041 0699

Bankgiro

Fjell kyrkjeblad: 1503.84.37590

Innleveringsfrist for annonsar, artiklar og kunngjeringsar til neste nummer av Fjell kyrkjeblad: **8. september**

Kontaktinformasjon



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd

Adresse: Øygarden kyrkjekontor, Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

Vi har kontor i andre etasje i Temahuset.

Telefon: 55 09 74 40

Ekspedisjonstid alle kvardagar: 10.00–14.00

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Nettsider: www.kyrkja.no/oygarden
www.kyrkja.no/t-dagen

Bankkonto Øygarden kyrkjelege fellesråd:
1506.35.46523

Leiar

Olav Martin Vik

Kyrkjeverje og redaktør



Takk

1. september var det leiarskifte i organisasjonen. Annlaug Børve er no kyrkjeverje i Øygarden. Ho vert presentert i dette bladet. Eg ønskjer Annlaug alt godt som kyrkjeverje. Leiarskiftet har vore planlagt i lengre tid.

Eg tok til i stillinga som kyrkjeverje i gamle Øygarden i år 2000, men hadde permisjon i perioden 2001 til 2011 då eg var ordførar. Eg kom tilbake i stillinga i 2011. I 2017 vart eg spurt om å vere kyrkjeverje i Fjell og Sund for ein periode. Det varte fram til no, inn i nye Øygarden kyrkjelege fellesråd. Eg fekk også ansvaret for å leie arbeidet med å slå saman fellesrådsområda som følgje av kommunesamanslåinga. Det har vore ei spennande og utfordrande tid med mange gjeremål. Dyktige medarbeidarar og engasjerte folkevalde har vore viktige medspelarar. Eg vil takke alle eg har møtt og samarbeida med i mi tid som kyrkjeverje.

Korona

Du kan trygt delta på annonserte samlingar i regi av oss.

Me hadde eit håp om at mindre smitte skulle føre til meir normal aktivitet utover hausten. Det vert dessverre ikkje tilfelle. Det er t.d. fortsatt avgrensingar i deltakartal og det er strenge smitteverntiltak.

Faren for smitteoppbløming gjer at smitteførebyggande tiltak er like viktige no som tidlegare. Det er viktig at våre tilsette og alle som kjem til samlingar i vår regi følgjer alle smitteverntiltak og den rettleiing som vert gitt ved gjennomføring av samlingane.

Eg ønskjer deg ein fin haust.

Ny gudstenesteordning

Den norske kyrkja får revidert gudstenesteordning frå 1. søndag i advent. Dette er vedteke på Kyrkjemøtet i 2019. Bispemøtet har drøfta om denne datoen bør utsetjast men er kome fram til at ein held på denne fristen samtidig som det går an å søkje om utsetting til 1. søndag etter påske 2021.

Sokneråda må drøfte lokal ordning og det skal også vere eit soknemøte.

Organisering av Den norske kyrkja

Kyrkjemøtet har starta ein prosess med å utforme framtidens organisering av Den norske kyrkja. Det er i dag to arbeidsgivarlinjer og målet er å få organisert kyrkja slik at alt vert samla i den same strukturen. Dette er eit omfattande arbeid der mange må involverast, også kyrkja lokalt. I 2022 skal Kyrkjemøtet handsame tilrådinga frå Kyrkjerådet. Utover hausten i år vert det m.a. lokale innspelsmøte.

Korona og utleige/utlån av kyrkjelyssalar og kyrkjelydshus

Me kan dessverre ikkje leige ut/låne ut kyrkjelydssalar og kyrkjelydshus. Denne ordninga gjeld førebels ut september 2020. Dette er av omsyn til smittevernet. Me vil oppdatere vår nettside om dette temaet i månadsskiftet september/oktober og i neste kyrkjeblad.

Programfaldarar



I denne utgåva av Fjell kyrkjeblad har vi med programfaldarar for hausten 2020 til dei tre sokna. Foldnes og Landro sokn sine ligg som innstikk i midten av bladet. Desse kan ein nappe ut og ta vare på. Fjell sokn er på side 11, denne kan klippes eller rives ut.

Følg meg

Deretter gikk Jesus ut. Da fikk han se en toller som het Levi. Han satt på tollboden. Jesus sa til ham: «Følg meg!» Og han reiste seg, forlot alt og fulgte ham. (Lukas 5.27f)

Dette var litt av prekenteeksten for et par uker siden, - og det er to ord fra denne teksten som har kvernet i hodet på meg siden, - nemlig ordene “følg meg.”

Mens Levi var på jobb, - travelt opp-tatt med å kreve inn toll, - så skjer dette møte som fikk så store konsekvenser for han. Det kan nærmest se ut som om han sa opp på dagen, - forlot sitt trygge og inntekts-bringende arbeid, - og gikk til det ukjente i hælene på Jesus.

“Følg meg!” Det var vel dette Jesus sa til alle som ble hans disipler, og det er det samme han sier til oss i dag. Han sier ikke følg drømmene dine, - tankene dine, - eller gjør det som er forventet av deg. Nei, - han vil gi oss et nytt orienteringspunkt i livet og flytter vår naturlige selvsentrering over på seg og de tanker og planer Han har for oss.

Å følge Jesus handler ikke om å høre etter en indre stemme, - få kontakt med noe dypt inni seg og følge en overnaturlig røst som en dag leder dit og en annen dag dit. Å følge Jesus er håndfast og konkret. Vi har fått bibelen. Der taler Jesus direkte til oss gjennom apostlenes og profetenes vitnesbyrd. Apostlene har fortalt oss hva Jesus sa og gjorde. De har fortalt hvordan han møtte mennesker og gav dem fremtid og håp.

Bibelen er en ekte kjærlighets-historie, - Om en Gud som ikke sitter passivt og ser på at menneskene som Han hadde skapt i sitt bilde går fortapt. Det hadde vi fortjent. Vi har syndet og gjort opprør mot Gud og dermed krenket Guds hellighet. Det ufattelige som Jesus ønsker å fortelle er at synden er sonet ved at Jesus døde på korset. Det som skiller oss fra Gud er sonet og vi kan bli Guds barn bare ved å si takk.

Det er radikalt å følge Jesus. Han inviterer oss ikke med på en koselig rusletur gjennom livet hvor han fikser opp i alt som måtte komme av problemer og utfordringer. Jesus bruker sterke og utfordrende ord som

Innhold

Intervju med Annlaug.....	4–5
Diakonitur.....	6
Konfirmasjonsfeiring og smittevernreglar	7
Fjell sokn	8
Landro sokn.....	9
Foldnes sokn: Familiekyrkje i annleistida.....	10
T-dagen.....	13-15

Morten Torsvik

Sokneprest i Fjell



virkelig får tilhørerne til å reagere. “Om noen vil følge etter meg, må han fornekte seg selv og hver dag ta sitt kors opp og følge meg. (Lukas 9.23). Videre sier apostelen at vi som vil følge Jesus skal ta “hver tanke til fange under lydigheten mot Kristus” (2. Kor 10.5) Tankene våre, - det som rører seg mellom ørene har også med vårt gudsforhold å gjøre. Temmelig radikalt det også. Bibelens budskap skal dermed bestemme hvordan vi skal tenke og handle. Det utfordrer ikke så lenge vi forstår og er enig i det som står, - Når det passer med det som er gjengs mening. Utfordrende blir det når bibelen fremmer tanker, holdninger og handlinger som er upopulære og vanskelig for oss å forstå.

“Følg meg!” sier Jesus. Så leder han oss inn i bibelens ord der han vil fortelle oss alt vi trenger å vite om Gud og hvordan vi best kan leve livene våre. Han leder oss inn i det kristne fellesskapet, - der vi sammen med andre som vil følge Jesus kan høre Hans ord, be til Han, og lovprise Gud. Endelig inviterer han oss frem til nattverdbordet hvor vi skal få legge av oss alle nederlag og synder og motta syndenes forlatelse.

Annlaug Børve er ny kyrkjeverje i Øygarden

1. september gjekk Olav Martin Vik av som kyrkjeverje i Øygarden. Ny kyrkjeverje er Annlaug Børve. Leiarskiftet vart avklart og bestemt i samanslåingsprosessen.

TEKST OG FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM

Du har vore med i prosessen med å slå saman fellelsråda i Fjell, Sund og Øygarden. Når du no ser tilbake, korleis var denne tida?

Eg er ein type som likar å vere undervegs, og syntest difor først og fremst prosessen var spennande og utviklande. Mellom anna jobba vi med å utarbeide ein felles visjon og verdiar for det nye fellelsrådet, og i den prosessen delte vi våre personlege visjonar med kvarandre. Det var både inspirerande og trusstyrkande. Eg opplevde også at det var ein god prosess i høve til at alle vart engasjerte, og at vi vart godt kjende på tvers av dei gamle fellelsrådsgransene. Så er det ikkje til å stikke under ein stol at det mykje som skulle gjerast, og dermed var det også ei ganske travel tid.

Du skal leie det nest største kyrkjelege fellelsrådsområdet i Vestland, kva tankar gjer du deg?

Eg tenkjer at det er eit privilegium å få vere leiar i eit stort fellelsråd med mange dyktige, kreative og engasjerte medarbeidarar. I eit slikt miljø handlar leiing i stor grad om å støtte og leggje til rette for at den enkelte får brukt mest mogeleg av dei evnene og gåvene som han eller ho har. Viktige nøkkelord er samarbeid og tverrfaglegheit – alle må få sleppe til. Så er det også viktig å vere bevisst på at kyrkjelydane innan fellelsrådsområdet vårt er forskjellige, og at dei skal få vekse og utvikle seg med kvar sine særpreg, tilpassa behovet til menneska lokalt.

Kva vil du prioritere først av oppgåver når du no tek over som kyrkjeverje i Øygarden?

Eg er heldig å få ta over eit veldrive fellelsråd, der mykje handlar om å vidareføre det gode arbeidet som allereie er etablert. I dette arbeidet vert vi i stort og smått sett på val, daglegdagse etiske dilemma og problem må finne si løysing. Det er viktig at vi har ein etisk sensitivitet som gjer at vi oppdagar og kan setje ord på slike situasjonar, og kan reflektere over kva som er dei rette og gode vala. Dette handlar om at verdiane våre skal få konsekvensar for handlingane våre. Eg vil prioritere høgt å arbeide for ein kultur der vi saman reflekterer over praksisen vår, kva haldningar som bør prege arbeidet, og korleis rutinar og system bør vere innretta for at tenestene

våre skal halde høgast mogeleg fagleg og etisk kvalitet.

Kva tenkjer du vert hovudutfordringar framover?

Eg tenkjer at det er ei stor utfordring for oss å hindre utanforskap. Nokre sentrale utviklingstrekk kommunen peikar på er at fleire menneske står utanfor fellelskapen som følgje av mangel på økonomiske og materielle ressursar. Det er aukande grad av barnefattigdom og ungdom som ikkje har tilgang på sosial støtte, og mange einsame mellom oss, for å nemne noko. Dette utfordrar oss sterkt på det diakonale området, og på vår evne til samskaping, å arbeide saman med andre aktørar for at menneske skal kunne definere seg innafor. Ei anna utfordring er å få tak i dei ressursane vi treng for å utføre det

arbeidet vi ønskjer, både menneske og økonomi.

Kva rolle ser du for deg at kyrkja vil spele i lokalsamfunnet i åra som kjem?

Eg ser for meg ei kyrkje som er aktivt deltakande i å skape eit godt og rettferdig samfunn her i Øygarden. Då må vi kanskje vere litt meir på «bortebane» enn det vi er i dag, vi må ha meir samskaping, og vere meir oppsøkande. Eg ser for meg at vi skal vere ei kyrkje for alle, som er på dei svakaste si side, og kan vere ei stemme for dei som ikkje maktar å stå opp for seg sjølv. Vi må vere ei kyrkje som følgjer i Jesus sine spor.



JOBBS:

- Personalkonsulent i Sjømannskyrkja 1997-2001
- Jurist i Øygarden kommune 2001-2008
- Kyrkjeverje i Øygarden kyrkjelege fellelsråd (vikar) 2008-2009
- Kyrkjeverje i Fjell kyrkjelege fellelsråd 2009-2017
- Personalleiar i samanslåingsprosessen Sund, Fjell og Øygarden kyrkjelege fellelsråd 2017-2020

UTDANNING:

- 1997, organisasjons- og arbeidslivspsykologi, universitetet i Bergen
- 1997, Cand. Jur, Universitetet i Bergen
- 2008, Grunnerverv og ekspropriasjon i kommunar, universitetet for miljø- og biovitenskap
- Er i ferd med å avslutte masterprogram i verdibasert leiing ved VID vitenskaplige høyskole

Diakonitur til Institutt for sjelesorg

17.-21. august

TEKST: HILDEGUNN BØRNES MYKLEBUST



Toget frå Bergen tøffar inn på Vikersund stasjon i nydeleg solskinn og 29 grader. Ellen Ebbesvik som arrangerer turen for oss, tek imot oss saman med Rune Stray, instituttprest på Sjelesorgsenteret. Snart sit vi i taxiar og bilar og køyrer forbi kornåkrar og sletteland før vi kjem fram til den svært så høge granskogen med turstiar som snirklar seg innover og er klar for å ta imot turfolk i alle aldrar. Vi er framme til institutt for sjelesorg, Modum bad.

Vi er 19 stykk frå Øygarden kommune som er saman på tur. Alt ligg til rette for fellesskap gode samtalar, nye kjennskap og påfyll for heile mennesket. Tema som er oppe er blant anna:

-Korleis vi kan vise omsorg for kvarandre i kvardagen, vise vennlegheit og vera barmhjertige; gi kle til den som treng det, besøkje den sjuke, sjå om den som er i fengsel, ta imot den framande, -at kjærleiken syner seg i handling. På same tid har Gud skapt oss med grenser, som er ein positiv ting. Kvile og å trekkja oss tilbake er også ein del av Bibelen sitt gode syn på å leve.

-Vidare vart mellomrommet vi lever i tatt opp. Vi har hatt eit før, og håpar på eit etter Covid 19. Korleis er det å vera i dette mellomrommet?! Einsemda med å sitje aleine og vente. Dei faste møteplassane er borte, saknet av det sosiale, nærleik og berøring. Kven er Gud oppi alt dette. Korleis er mitt gudsbilete. Kva seier følelsane våre/erfaringane våre, kva

openbaring gjev Bibelen om kven Gud er? Eit vers frå Jes 57,15. vart trekt fram: «I det høge og heilage bur eg, og hos den som er knust og nedbøyd i ånda» Vi fekk mykje nytt å tenkje på og mat for gode samtalar.

Den sosiale samlinga på kveldane var samansveisande med deling av vitnesbyrd, konkurransar, songar og mykje prat og latter. Vi fekk også ein tur vi kjem til å hugse til The Twist på Kistefoss som gav oss mange inntrykk gjennom kunsten som var utstilt både ute og inne.

Takk for nydelege dagar saman.

Til neste år vert det ny tur, same tid og same stad. Kanskje du vil bli med? Du er hjarteleg velkommen.

Konfirmasjonsfeiring og smittevernreglar

–Det er fullt mogleg å gjennomføra ei minneverdig konfirmasjonsfeiring sjølv om smittevernreglane får konsekvensar for arrangementa. Det seier smittevernlege i Øygarden, Jens Eikås.

TEKST: VIGLEIK BREKKE



Konfirmasjon i Landro kyrkje i fjor. Foto: Yngvild Sørheim



Smittevernlegen i Øygarden, Jens Eikås. Foto: Vignleik Brekke

Smittevernlegen har fått mange spørsmål knytt til gjennomføring konfirmasjonar. Dette gjeld både sjølv konfirmasjonsgudstenesta og private familieselskap.

–Det kan arrangerast private selskap i grupper på maksimalt 20 personar. Her er regelen at ein skal halda avstand på minst ein meter til kvarandre, med unntak av dei du bur med til vanleg, seier Eikås.

Dersom det er ønskeleg med fleire deltakarar enn 20 personar, er det mogleg å gjennomføra eit

arrangement på offentleg stad. Her er grensa 200 gjester.

–Dette kan gjennomførast i lokale som vert leigt eller lånt ut. Døme på dette kan vera hotell, selskapslokale, grendehus, forsamlingshus og hallar. Alle slike arrangement skal ha ein ansvarleg arrangør som mellom anna skal sikra at alle følgjer regelen om avstand på ein meter og har oversikt over alle som er til stades. Oversikta er viktig dersom det skal gjennomførast smittesporing, seier Jens Eikås.

Slike arrangement skal ha ein arrangør (profesjonell aktør eller privatperson).

–Også her er det viktig å følgja alle dei andre smittevernreglane om avstand (minst ein meter), god handhygiene, godt reinhald, minst mogleg felles bruk og berøring av inventar og utstyr. Det er også viktig å sjå til at det ikkje er sjuke personar til stades på arrangementet, seier Jens Eikås.

Morgenbønn i Fjell kyrkje



Det å starte dagen med å vende blikket til Herren og få høre Hans ord, be de bønnene Han har lært oss, synge en salme og legge dagen i Guds hender er et privilegium de kristne har benyttet seg av gjennom hele kirkens historie. Den muligheten vil vi nå legge til rette for i Fjell Kyrkje også, - en dag i uken. Det blir et lavmælt, kort, forutsigbart opplegg uten kaffi og prat, hvor vi møttes i kirkerommet på veg til dagens gjøremål.

Hver torsdag fra kl. 07.00 - 07.20 (presis,) - inviterer vi til morgenbønn i Fjell kyrkje. Vi starter torsdag 10. september.

Kveldsbøn i Fjell kyrkje

Ein onsdag i månaden inviterer kyrkja til kveldsbøn. Samlingane har retreat-preg, og høver for alle som treng ein pustepause med påfyll. Ein kan setje seg i benken og finne ro og stilla i den vakre kyrja. Alle får utdelt ark med komande sundags tekstar, slik at ein kan lese, be og tenke over desse sjølv. Ein kort innleiande refleksjon kring teksten vert alltid gjeven. Ein onsdag i semesteret vert det nattverd. Datoane står i programmet for hausten.

Hjarteleg velkommen!

Nytt biletanlegg i Fjell kyrkje




Illustrasjonsfoto: Unsplash

Endeleg, etter mange års iherdig innsamlingsarbeid er dagen komen då det nye biletanlegget står ferdig montert og klar til bruk i Fjell kyrkje. Resultatet er heilt einestående!

Når det ikkje er i bruk, kan berre dei mest observante ana at det er kome noko nytt i kyrkja. Ved eit tastetrykk summar motorar, skjermar kjem til syne, og vi kan gle oss over eit topp moderne biletanlegg i kyrkja vår. No står det berre eitt att, og det er frivillige til å styra nyvinninga.

Vil du, eller kjenner du nokon som kan tenkja seg ei slik teneste, så ta kontakt med Eigil Nødtvedt, tlf. 920 44 587, så får du opplæring og oppgåver med styring av anlegget.

Bibeltime i alle sokna



Fleire i Fjell kyrkjelyd har spurt etter vaksen undervisning i Bibelen noko soknerådet og soknepresten har lagt til rette for. No har også Foldnes og Landro kopla seg på opplegget.

I samband med førebuing av sundagspreika, inviterer prestane alle interesserte til tekstgjennomgang og samtale om kommande tekst.

Planen er at dette blir gjort ein gong pr. månad, og går på omgang i sokna Fjell, Foldnes og Landro. Det vert to slike bibeltimar i kvart sokn

**Torsdag 03.09
kl. 19.30-20.30
i Fjell kyrkje
ved Morten Torsvik**

**Torsdag 01.10
kl. 19.30-20.30
i Foldnes kyrkje
ved Maria Tveten**

**Torsdag 05.11
kl. 19.30-20.30
i Landro kyrkje
ved Bjarte Nese**

Landro barne- og tweenskor

HAR STARTA OPP IGJEN FOR HAUSTEN 2020!



Barnekoret i alderen 1.-4. klasse, øver kvar tysdag frå kl. 17.30 til 18.25 i Landro kyrkje.

Tweenskoret i alderen 5.-8. klasse, øver kvar tysdag frå kl. 18.35 til 19.30 i Landro kyrkje.

Vi følgjer for det meste skuleruta. Semesteravgift på kr. 100,-

Det som skjer i haust:

Søndag 13. september, søndag 18. oktober og søndag 29. november er det familiegudstener, der kora er med og syng!

Søndag 13. desember er det «Vi syng jula inn» i Landro kyrkje, der barne- og tweenskoret deltek saman med andre frivillige.

Laurdag 2. januar er det **julefest** i kyrkja, der vi også er med.

Er dette noko for deg? Bli med på ei øving tysdag kl. 17.30. (18.35 for tweens). Foreldre til dei minste bør vere med.

Av omsyn til koronasituasjonen er det fint om vi får ei melding på førehand om kven som kjem. Vi tek smittevern på alvor.

Mvh. Eline Olsen, organist og barnekorleiar i Landro kyrkje.
Tlf. 90605332, email: eo632@kyrkja.no

Riving av det gamle klokketårnet ved Landro kyrkje

Som følgje av at det er bygt nytt klokketårn ved Landro kyrkje vert det gamle klokketårnet rive. Klokkene som skal opp att i det nye tårnet er hos Olsen Nauen klokkestøperi for ei modifisering. Dei vert sett i funksjon når Olsen Nauen er ferdig med arbeidet og alt det tekniske er på plass for drift og styring av klokkene.

Familiekyrkje i annleistida

Hausten er framleis ukjend lende. I Foldnes kyrkje har vi eit ønskje om å vere «Di kyrkje for alle dagar» og det er ei visjon vi held fast i når dagane er akkurat slik det er no.

TEKST: MARIA TVETEN
FOTO: INGALIS APELTHUN



21. juni var det misjonstivoli i Foldnes kyrkje til inntekt for misjonsprosjektet.



Vi ønskjer at alle menneske som kjem til kyrkja skal kjenne seg sett og ivarettatt. Vi ønskjer at kyrkja skal vere ei trygg stad å koma til. Gudstenestene utover hausten vil difor vere noko annleis enn dei vanlegvis er. Vi vil ha eit større fokus på barn i gudstenestene og ønskjer at dei skal kjenne at det er rom for dei, sjølv om det ikkje kan vere søndagsskule på vanleg vis.

Denne hausten inviterar søndagsskulen i Foldnes til tur på kyrkjevogen etter kvar gudsteneste. Heile kyrkjelyden vert invitert på tur mot gapahukene, kor det vert ein felles samling og litt leik. Ein fin måte å bli betre kjend med kvarandre, både barn og vaksne.

Det er ikkje så enkelt å ha søndagsskule når barn, og vaksne, som ikkje er i same kohort må halde avstand. Formingsaktiviteter vert heller ikkje trygt nok, når vi ikkje kan ta på dei same tinga. Vi håpar likevel at familiar som kjem på gudsteneste vil oppleve at det er rom for heile familien og at den gode rytmen med å søkje sammen til fellesskapet på søndagar, framleis vil vere naturleg.

Tips til dei med barn under gudstenesta:

- Vil ditt barn delta med å til dømes opne skattekista, lyse velsigninga, lese tekst eller vere med å be, vere forsongar, vise rørsle til songane, vere kyrkjevert i lag med mor, far

eller besteforeldre, vere med i prosessjon, delta med drama? Eller noko anna? Då vil vi gjerne høyre frå dykk! Gje beskjed til Maria-prest.

- Til dei minste barna: ta gjerne med nokre eigne leikar eller bøker som barnet kan bruka under gudstenesta
- Vi delar ut «Barnas» og vi arrangerer ein konkurranse slik at det vert enklere å følgje med under gudstenesta

Kyrkjekaffi skal vi og ha, sjølv om det vert på ei litt annan stad og på ein litt annleis måte.

Vi gler oss til å vere saman på gudsteneste!

Fjell kyrkje



hausten 2020

Kjære deg som har Fjell kyrkje som di kyrkje. Med denne oversikta ønskjer vi å informera om kva som skjer i kyrkja vår. Denne hausten vil truleg ulike koronatiltak føra til endringar i planlagde arrangement og arbeid. Klipp ut og heng på oppslagstavla heime!

GUDSTENESTER

Gudstenestene er storfellesskapen i kyrkjelyden. Til vanleg startar gudstenestene kl. 11.00 og det er nattverd.



- 06. sept. Gudsteneste med dåp
- 12. sept. Dåpsgudsteneste kl 11
- 13. sept. Gudsteneste med dåp
- 19. sept. Konfirmasjonsgudsteneste kl 10.30
- 19. sept. Konfirmasjonsgudsteneste kl 12.30
- 20. sept. Konfirmasjonsgudsteneste kl 10.30
- 20. sept. Konfirmasjonsgudsteneste kl 12.30
- 27. sept. Gudsteneste med dåp
- 11. okt. Gudsteneste med dåp
- 18. okt. Gudsteneste med dåp
- 24. okt. Dåpsgudsteneste

- 25. okt. Gudsteneste
- 01. nov. Gudsteneste
- 08. nov. Gudsteneste med dåp
- 15. nov. Gudsteneste med dåp
- 22. nov. Lys våken familiegudsteneste
- 29. nov. T3 familiegudsteneste med dåp
- 06. des. Gudsteneste kl 11.00 Lysmesse kl. 18.00
- 13. des. Gudsteneste med dåp
- 20. des. Vi syng jula inn kl 17.30
- 24. des. Gudsteneste kl. 14.30
- 24. des. Gudsteneste kl. 16.00
- 25. des. Høgtidsgudsteneste kl 12.00
- 26. des. Gudsteneste kl 12.00
- 03. jan. Gudsteneste med dåp

På søndagar med ☺ er det søndagsskule dersom vi har lærarar og koronasituasjonen tillet det.

Søndagsskule

Dei minste held til i kyrkjekjellaren, gjerne med ein vaksen som følgje. Born i skulealderen samlast i gymnastikksalen i gamle Fjell skule. Det er tilpassa bibelforteljingar og aktivitetar under preika.

Kyrkjeskys

Vi har tilbod om kyrkjeskys til gudstenestene søndag føremiddag. Dette er eit tilbod til deg som bur i soknet og ikkje har moglegheit til transport sjølv.

Du kan kontakta Jorunn S. Gjersvik på telefon 902 88 949.

KONTAKTAR

Ønskjer du å bli oppdatert om arrangementa i Fjell kyrkje?

Leiar i soknerådet: Jorunn S. Gjersvik
jorunn.gjersvik@bkkfiber.no tlf.: 902 88 949

Sokneprest: Morten Torsvik:
mt858@kyrkja.no tlf.: 909 37 169

Heimeside: www.kyrkja.no/oygarden

Dåp - Elektronisk innmelding:
www.kyrkja.no/oygarden - Klikk på: Dåp

FJELL SOKNERÅD

Leiar: Jorunn Småbrekke Gjersvik
Nestleiar: Eigil Nødtvedt
Fast medlem: Ragnhild Andersland, Arvid Nese, Helge Nilsen, Søgne Lillevik Nilsen
Varamedlem: Rachael Tufft, Gyri Ann Lie, Hildegunn Romarheim Heie, Anne Elisabeth Hornnes, Hans Kristian Hornnes
Prest og medlem i soknerådet: Morten Torsvik

KVA SKJER I KYRKJELYDEN ?

Konsertar

Det er eige konsertprogram for alle 3 kyrkjene i Fjell. Sjå innstikk i Kyrkjebladet.

Gospelnight

Fredag den 28. august og med Divisi 20. november kl. 20. Gospelnight også laurdag 31. oktober kl. 20.

Kveldsbøn

Tid til ro i Guds hus onsdagar kl. 20 - 21. 23. september, 28. oktober, 25. november og open kyrkje 9. og 16. desember

Tekstverkstad/bibeltid

Soknepresten tek oss med i førebuing til søndagspreika. Fjell 3/9, Foldnes 1/10 og Landro 5/11 kl. 19.30

Morgonbøn

Morgonbøn kvar torsdag frå 07.00 til 07.20 (presis) Vi startar torsdag 10. september

T-DAGANE I FJELL


T- dagane, eller trusopplæringsdagane omfattar alle opp til atten år. Nokre T-dagar er i Fjell kyrkje. Før kvar T-dag blir det sendt T-helsing til alle døypte. Følg med i kyrkjebladet, og på nettsida <http://www.t-dagen.no/> for tid og stad!

Barnekor

Tysdagar i oddetallsveker i Fjell kyrkje for aldersgruppa 4-9 år, kl. 17.30 - 18.30
Malene Mortensen tlf. 480 89 010/
Eivind Kausland Lie tlf. 408 85 692

Tweensklubben

Fredagar i oddetallsveker i kyrkjelydssalen: Tweens for 5. til 7. klasse kl. 19 – 21. Tweens + for 8. klasse og oppover kl. 21– 22. Mellom 20 og 80 tweensarar møtest i Fjell kyrkje. Då er dei klare for ein kveld der dei kan få vere saman med vener, spele spel, bruke dei kreative evnene sine i hobbykroken, spele ball i gymsalen, bli endå betre i bordtennis eller rett og slett vere med i band. Her kostar alt; pizza, brus, drops, saltstenger, popcorn og sjokoladar: 5 kroner!
Søgnie Lillevik Nilsen 975 46 64



Sotra Reviderte

Vokalensemblen øver tysdagar kl. 19.00 til 21.30

Fjell kyrkjebrass

Øving torsdag i oddetallsveker kl. 19.45 – 21.45 i Fjell kyrkje.

KRIK

Krik-Ulveset torsdagar på Ulveseth skule kl. 20- 21
Maria Tveten 450 63 016
FamilieKRIK Bildøy i Bibelskulehallen. Kontakt:
Leiv Arne Risa 922 60 018

Misjonsprosjekt Thailand/Laos

Kyrkjelyden har lova økonomisk støtte til prosjektet.

Øygarden KFUM-KFUK - Åpen barnehage

Gratis babysang (med omsorgsperson) mandag frå 12.30 - 14.00 i kyrkja. Alder 0 - 12 mnd.
Telefon 482 23 738

Informasjonsutvalet i kyrkja skal sørgje for ein god informasjonsflyt ut til alle målgrupper i Fjell sokn. Vi kan kontaktast på informasjonsutval@gmail.com eller tor.amund.gjersvik@bkkfiber.no tlf 90862603

VIL DU STØTTA ARBEIDET VÅRT?

Du kan bli med som frivillig og/eller støtta arbeidet vårt økonomisk.

Vil du vita meir om å vera frivillig i kyrkja?

Vi har eit eige **frivilligutval** som koordinerer frivillige teneste i kyrkja vår.

Vi har **diakoniutval** som skal bidra til å fremje rettferd ved å utfordre til etisk tenking og handling, arbeide for berekraftig og rettferdig fordeling, samt inkludere menneske som fell utanfor i kyrkjelyd og kommune.

Ta kontakt med ein i soknerådet for å formidle kontakt.

Vi tek imot gåver via Vipps #80304 med melding «Eige arbeid» eller via månadleg gjevarteneste. Blankett for gjevartenesta får du i kyrkja, eller ved å ta kontakt med ein i soknerådet.

Lik oss på Facebook



<http://facebook.com/fjellkyrkje>

Faste aktivitetar i kyrkjene

Du er hjarteleg velkomen til samlingar og aktivitetar!

Foldnes kyrkje

Gudsteneste: Dei fleste søndagar kl. 11.00.
Søndagsskule: Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Elisabeth M. Jung tlf. 930 64 205
Bibel, bønn & lovsong: Siste søndag kvar månad kl. 19.00. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
KM Kluzz: Ca. ein tysdag i månaden kl. 16.30–18.30. Myldredag m. middag og aktivitet, for heile familien. Kontakt: Janne-Lin Fjeld Andersen tlf. 950 14 498
RAMP: Annankvar tysdag kl. 19.30. Inspirerande temakvelder med husband og kaffi. Kontakt: Janne Mo tlf. 478 23 425
Foldnes barnegospel: Annankvar tysdag kl. 17.30–18.45. For barn i barneskulealder. Kontakt: Aasmund Brekke tlf. 995 63 706
Treff i Foldnes: I kyrkjelydssalen første onsdag kvar månad kl. 11.30–14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
Lilleørdag: For 5.–7. klasse, ein onsdag i månaden. Kontakt: Maria Tveten tlf. 450 63 016
Lukas Ten Sing: Måndagar frå kl. 18.30. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Anne Ådland tlf. 953 63 630
Ungdomslørdag: Frå kl. 19.00–22.30, for deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Maria A. Stokke tlf. 938 06 984
Mannsgruppa: Ein torsdag i månaden. Temakvelder, turar og godt lag. Kontakt Geir Roald Viken, tlf. 922 63 531
Basargruppa: Ein torsdag i månaden. Eit enkelt måltid og handarbeid. Kontakt: Toril Herdlevær Kvalheim tlf. 907 29 222

Fjell kyrkje


Gudsteneste: Dei fleste søndagar kl. 11.00.
Søndagsskule: Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Torun Svennevik tlf. 976 71 161
Kveldsbøn: Cirka ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og bøn. Kontakt: Anne Ludvigsen Kaldestad tlf. 971 42 176
Tweensklubben: Annankvar fredag kl. 19.00–21.00. For deg som går i 5. klasse og oppover. Kontakt: Søgnie Lillevik Nilsen tlf. 975 46 646
Vokalensemblen Sotra reviderte: For alle som vil syngje i a cappellakor, tysdagar kl. 19.00–21.30. Kontakt: Tor Amund Gjersvik tlf. 908 62 603
Fjell kyrkjebrass: Om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag kl. 20.00–21.30. Kontakt: Anne-Grethe Sangolt Hagenes tlf. 452 19 710
Fjell barnekor: Barnekoret øver annankvar tysdag (oddetallsveker) kl. 17.30–18.30. Kontakt: Eivind K. Lie tlf. 408 85 692

Landro kyrkje

Gudsteneste: Dei fleste søndagar kl. 11.00.
Onsdagsmøte: I kyrkjelydssalen kl. 19.30 kvar fjortande dag. Tale, lovsong og sosialt samvere. Kontakt: Dag-Olav Bjørøy tlf. 917 51 706
Taco-fredag: Ein gong i månaden kl. 17.00–19.00. For heile familien. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 915 32 437
Nordre Fjell Barnekor: 1.–4. klasse, kl. 17.30–18.25 kvar tysdag.
Tweenskor: 5.–8. klasse, kl. 18.35–19.30 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen tlf. 906 05 332
Treff i Landro: I kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30–14.00. Fellesskap med god mat, undervisning og song. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
Ungdomsklubb: I kyrkjekjellaren nokre fredagar kl. 18.30–21.00. 8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 915 32 437



Velkomen på T-dagar i haust!



T4 «Kyrkjeboka mi»

Foldnes og Fjell kyrkjer:
Søndag 6. september kl. 11

Landro kyrkje:
Søndag 13. september kl. 11



T11 «På sporet av Jesus»

Fredag 25. september kl. 17
i Foldnes kyrkje



T14 «Kick-off til konfirmanttida»

Alle tre kyrkjene, 14. oktober



T10 «Tweens»

Fjell kyrkje fredag 30. oktober kl. 18



T12 «LysVåken»

Laurdag 21.- søndag 22. november
i Fjell kyrkje




T3 «Advent»

Søndag 29. november kl. 11
i alle tre kyrkjene

Det vil kome meir utfyllande info om desse T-dagane etterkvart. Det er difor veldig viktig å følgje med på nettsidene våre:
www.kyrkja.no/t-dagen

Vi er òg på Facebook, og der vil du finne oppdatert info når T-dagane nærmar seg.



Fjell kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 6. september	11.00	T4 Familiegudsteneste	Morten Torsvik	Dåp	Kirkens SOS i Norge
Søndag 13. september	11.00	Gudsteneste	Knut Kaldestad	Dåp og nattverd	Himalpartner
Søndag 27. september	11.00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Dåp	Normisjon

Foldnes kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 6. september	11.00	T4 Familiegudsteneste	Maria Tveten	Dåp	Søndagsskolen Norge
Søndag 20. september	11.00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp og nattverd	NMS Thailand/DNI- Jesu døtre
Søndag 27. september	19.00	Gudsteneste	Maria Tveten		Alpha Norge

Landro kyrkje




Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 13. september	11.00	T4 Familiegudsteneste	Bjarte Nese	Dåp	Søndagsskolen Norge
Søndag 27. september	11.00	Gudsteneste	Knut Kaldestad	Dåp og nattverd	Misjonsprosjekt med NMS i Thailand

I tillegg til gudstenestene i oversikta er det fleire konfirmasjonsgudstenester. Disse er reservert konfirmantane og deira familie og gjestar. Vi oppmodar til å gå på gudsteneste i ei av dei andre kyrkjene dei dagane.

Endringar kan komme. I tillegg vert det arrangert fleire dåpsgudstenester. Sjå på nettsidene: www.kyrkja.no/oygarden

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
MELDING

SOS
22 40 00 40

SOS
CHAT

KIRKENS
SOS

Fjell kyrkje

Døyppte

31.05.2020

Vanessa Horgen
Sofie Ormevik Saxe

07.06.2020

Emil Lokøy Prestby
Noah Angeltveit Wollertsen

13.06.2020

Ellinor Pettersen Eide

21.06.2020

Aria Bildøy Bakke
Maja Håland Aasen
Sofie Espeland Tellnes

12.07.2020

Nellie Østebø Westad
Mathilde Gjesdal Fanakrå
Leonell Sævereid

01.08.2020

Thor Torsvik Lie

02.08.2020

Constantin Nilsson Henneli Nordås
Eleah Leandra Landro Fiskeseth
Dagny Sofia Seim
Ellinor Turøy

15.08.2020

Oskar Lundmark Birkeli
Linnea Kristine Bergtun Markhus
Fabian Ekerhovd Garlid
Aron Dale Skarlo

Vigde

20.06.2020

Kristin Knappskog og Øyvind Andersen

15.08.2020

Susanne Ellingsen og Stian Turøy
Evy-Karin Turøy og Torbjørn Røslund

Døde

Olga Theodora Ulveseth	f. 1923
Klaus Trygve Gjervik	f. 1931
Olga Ingrid Syltøy	f. 1927
Nils Risholm	f. 1940
Sissel Vedvik	f. 1949
Gyda Otelia Sekkingstad	f. 1929
Odlaug Sofie Nordvik Løvaas	f. 1936
Borgny Edith Sekkingstad	f. 1927
Mariann Krossnes	f. 1951
Magne Andre Pedersen	f. 1956
Oddmund Fjereide	f. 1952
Anna Helena Hagenes	f. 1924

Foldnes kyrkje

Døyppte

31.05.2020

Liam Bjørndalen

07.06.2020

Lilly Oline Høgtun Søgnebotnen

21.06.2020

Kasper Otneim Bergo

27.06.2020

Emilia Katla Sangolt
Amalie Salmo

28.06.2020

Sigrud Smith Wiker

05.07.2020

Isak Ydse Degerman
Matheo Mardal

19.07.2020

Marlon Grotle Stensrud
Jonas Løseth Løberg

09.08.2020

Ella Marie Kausland Helland
Mathias Økland Husevåg
Sara Kopperdal Johnsen

16.08.2020

Tiril Norheim Wolff
Richard Storemark Foldnes

Vigde

27.06.2020

Martine Vik Sønstabø og
Jørgen Mjelstad

18.07.2020

Monica Tømmerstrand
og Morten Lyngøy

27.07.2020

Maria Daviereni og Espen Strømme

Døde

Irene Halsteindal Walle	f. 1952
Mona Nedrebø	f. 1964
Aud Gulborg Lundekvam	f. 1932
Kristi Ulveseth	f. 1938
Ingun Valen	f. 1949
Lis Kildehøy Thomassen	f. 1940
Jan Georg Tyborgnes	f. 1945
Per Jansen	f. 1939

Landro kyrkje

Døyppte

24.05.2020

Ask Kildal

31.05.2020


Eiril Andersen Tjong

14.06.2020

Jonas Kolltveit Fjellhaug

Døde

Betty Magda Neset	f. 1939
Arthur Georg Skjølberg	
Andersen	f. 1940
Kåre Misje	f. 1929



Frå Haraldshaugen i Haugesund.
Foto: Mona Sulen

Vår Herre Jesus Kristus seier "Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leve om han så dør. Og kvar den som trur på meg, skal i all æve ikkje døy."

Joh. 11. 25-26

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 2, 5353 Straume
(samme hus som Vest-Nytt 2. etg.)

Fjell-ly **Leirstedet til IMF Midthordland**

- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

Tlf. 56 31 04 40

Fjell-ly leirsted
Møvikvn.193, 5357 FJELL. www.fjell-ly.no

Solstrands
Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet
www.solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet **VIRKE GRAVFERD**

Din lokale elektriker!

VESTGAR ELEKTRO

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit
T: 400 30 210
post@vestgarelektro.no - www.vestgarelektro.no

BYGGESELSKAPET A/S

5357 FJELL
Tlf. 56 33 09 60 - Mob. 905 70 203
Fax. 56 32 08 75

Bjorgvin Døgnvakt 55 20 23 00
BEGRAVELSESBYRÅ www.bjorgvin-b.no
Seremoni etter pårørendes ønsker, med omtanke og verdighet.

Gravferdshjelpen

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

Døgnvakt 55 27 28 29
www.gravferdshjelpen.no
Hagerupsvei 32X • 5093 Bergen

Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

Knut Helge Polden Espen Polden Heine Polden Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN Teatergl. 20, 5010 Bergen, Tlf: 55 21 44 50
AVD. SOTRA 2.etg på Shellstasjonen, Sartor, 5353 Straume, Tlf: 55 21 44 50

ØYGARDEN

Etablerer innbyggjartorg i kjøpesentera

Øygarden kommune samlokaliserer innbyggjarservice med biblioteka og etablerer nye kommunale innbyggjartorg i kjøpesentera på Straume, Skogsskiftet og Rong.

Opningstider frå 31. august:

Skogsskiftet/Rong:		Straume:	
Måndag	09.00-16.00	Måndag	09.00-16.00
Tysdag	09.00-16.00	Tysdag	09.00-16.00
Onsdag	09.00-16.00	Onsdag	09.00-16.00
Torsdag	09.00-19.00	Torsdag	09.00-19.00
Fredag	09.00-16.00	Fredag	09.00-16.00
Laurdag	Stengt	Laurdag	10.00-15.00

Sentralbord til kommunen, tlf. 56 16 00 00, er ope måndag - fredag frå 08.00-15.30.

WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO

Kontaktinfo

Soknerådsleiarane

Fjell sokneråd:
Jorunn Småbrekke Gjersvik
jorunn.gjersvik@bkkfiber.no

Foldnes sokneråd:
Per Helge Refvik
perhelgerefvik@msn.com

Landro sokneråd:
Tove Karin Lyngsmo Angeltveit
tove.karin@outlook.com

Sjelesorg og samtale

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

Prost Jan Tommy Fosse	924 63 278
Sokneprest Bjarte Nese	915 32 437
Sokneprest Maria Tveten	450 63 016
Sokneprest Morten Torsvik	909 37 169
Prostiprest Knut Kaldestad	977 24 017
Diakon Astrid Fylling	971 75 733

Får du ikkje Fjell kyrkjeblad?

Dersom du, eller nokon du kjenner, ikkje får Fjell kyrkjeblad i postkassen, er det viktig at vi får beskjed om dette slik at vi får retta opp i feilen.

Ta kontakt på telefon **55 09 74 40** eller post.oygarden@kyrkja.no ved manglande levering.

Innleveringsfrist

for annonsar, artiklar og kunnjingar til neste nummer av Fjell kyrkjeblad:
8. september



Babysong i Fjell kyrkje

Måndagar kl 12.30-13.30

I haust blir det samarbeid mellom Åpen barnehage og T-dagen

Påmelding skjer på Facebooksida til **KFUK - KFUM åpen barnehage Øygarden**

v:pps

Takk for di gåve!

Fjell kyrkjelege fellesråd:
82511

Foldnes kyrkje:
76022

Basecamp RePro:
76162

Landro kyrkje:
96889

Fjell kyrkje:
80304

Merk meldingen med føremål og dato




Flott velkomst

Vi fekk ein hjarteleg velkomst til gudstenesta i Fjell kyrkje på søndag! Prosten tok imot oss på trappa med opne armar, så glad for å sjå oss! Og vi var glade for å sjå han! Det var veldig godt å vera tilbake i kyrkjebenken etter nedstenginga av samfunnet. Vi vart sjekka mot deltakarlista, hadde god avstand til kvarandre, sprita hendene og fekk ta del i dette gode gudsteneste-fellesskapet.

Kjell Andersland

Barnekryssord



Vannrett:

1. Helligdag
6. Jentenavn
8. Bibelens eldste del
9. Solfrid Iversen
10. Tall
11. Tone-tegn
13. Arne Thue
14. Guttenavn
16. Anmode
17. Sover vi i

Loddrett:

1. Jentenavn
2. Retning
3. Ikke helt
4. Jentenavn
5. Vil ikke dele
7. Etternavn
12. Guttenavn
15. Nokså godt
16. Berit Eide

Bli med i trekninga av hamburger med drikke og dessert for 4 personar på Burger King Sartor!



Send inn kryssord til:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume
Merk konvolutten: Kryssord


Vinnar av Barnekryssord i nr. 3 – 2020:
Maja Solsvik Sekkingstad
frå Ågotnes

Namn.....

Adresse.....

.....

Returadresse:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume



Dåp

Ein god start på livet

Vi inviterer til dåp! Gjennom dåpen blir vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda. Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon og påmelding til dåp og dåpskurs gå inn på kyrkja.no/oygarden/dap



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellestråd